


# Sporløp



## Hei! Er du klar for eit sporløp i området rundt kyrkja?

Dette sporløpet passar for deg uansett om du er på tur med familien, kjærasten, hunden eller åleine. Bli med, då!

Men før du spring/labbar av garde, så kan det vere lurt å lese her så du veit kva du skal gjere

### Korleis:

Vi har hengt opp 10 postar. Sjå på kartet kvar dei er.

Det kan vere lurt å **ta bilde av kartet** også, så slepp du å gløyme vegen undervegs.

På kvar post får du alternativ til svar. **Berre eitt av alternativa er rett**, så her gjeld det å ikkje forhaste seg. For kvart svar kan du samle ein kvit bokstav.

### **Hugs bokstaven!**

(Enten kan du skrive den ned på papir eller mobil, eller ta bilde så du hugsar det seinare.)

Viss du klarer å svare rett på alle postane, så vil bokstavane til slutt bli eit

**løysingsord**. (Løysingsordet er to ord kan også seie oss noko om kven Den heilage ande er.)

### Bli med og vinn premie!

Send **løysingsordet** på SMS til \_\_\_\_\_

på nr \_\_\_\_\_.

Då er du med i trekninga om ein premie.

Hugs å skrive NAMN, ALDER og kva KYRKJE du svarer frå.

Frist for svar er \_\_\_\_\_, og trekninga skjer dagen etter.

Kanskje veit du veldig mykje om Jesus.

Og temmeleg mykje om Gud Far. Men kor mykje veit du om Den heilage ande?

Det skal no testast ut.



Og viss ikkje du veit så mykje, så er det heilt greitt, for då kan du lære undervegs.



Og du? Sa vi at du har sjansen til å vinne ei FRUKTKORG?!

## Lykke til :)

# Post 1



Den heilage ande er nemnt allereie heilt i starten av Bibelen. Der står det om korleis Gud skapte heile jorda og alt som er på den: «Jorda var aud og tom, mørker låg over djupet, og Guds ande svedde over vatnet.»

Visste du at Det gamle testamentet vart skrive på eit språk som heiter hebraisk? Der er bokstavane heilt annleis enn i vårt alfabet. Ande på hebraisk skrivast רוח, og uttalast «ruah».

## Quiz:

Kva anna ord enn ande kan det bety?


*(Det kan vere lurt å sjå på verset og tenke over kva anna ord som kunne stått der i staden.)*

- A) Vind      V
- B) Vatn      H
- C) Ild      B

**Bibelvers: 1. Mosebok 1,2**

**«Jorda var aud og tom, mørker låg over djupet, og Guds ande svedde over vatnet.»**

# Post 2



Har du tenkt over at eit egg i grunnen er delt i tre delar?  
Eggeskal, eggekvite og eggeplomme.

Litt på same måten, så lærer vi i kyrkja at Gud er éin,  
på same tid som han på ein måte er delt i tre.  
Det kallar vi for treeininga.



## Quiz:

Kven består treeininga av?

- |   |   |
|---|---|
| A) Gud Far, sonen Jesus, Jesu mor Maria   | A |
| B) Gud Far, sonen Jesus, Den heilage ande | Å |
| C) Gud Far, sonen Jesus, englane          | O |

**Bibelvers: Matteus 28,19**

**«Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande»**

# Post 3



I Det gamle testamentet, og altså før Jesus kom til jorda, var det berre nokre få utvalde som fekk ha Den heilage ande i seg, og ofte berre for ei periode.

## Quiz:

Kven var det først og fremst som fekk del i Den heilage ande i Det gamle testamentet?

- |  |   |
|--|---|
| A) Dei syndfrie – dei som aldri gjorde noko gale | S |
| B) Adam, Eva, Abraham og Josef                   | T |
| C) Øvsteprestar, dommarar, profetar og kongar    | R |

## Bibelvers: Domarane 3,10

«Herrens ande kom over han, og han vart dommar i Israel. Han drog ut i strid, og Herren gav kongen i Aram, Kusjan-Risjatajim, over i hans hender.»

# Post 4



Førti dagar etter Jesus hadde stått opp igjen, reiste han opp til Himmelen (Kristi himmelfartsdag). Ti dagar etter det igjen, er det pinse. Den første pinsa var læresveinane samla, og då var det noko heilt spesielt som skjedde:

«Då pinsedagen kom, var alle samla på éin stad. Brått lét det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i. Tunger, liksom av eld, synte seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei. Då vart dei alle fylte av Den heilage ande og tok til å tala på andre språk etter som Anden gav dei å forkynna.

I Jerusalem budde det fromme jødar frå alle folkeslag under himmelen. Då dei høyrde denne lyden, samla det seg ei stor folkemengd, og det vart stor forvirring, for kvar og ein høyrde at det vart tala på hans eige morsmål. Reint frå seg av undring spurde dei: «Men er dei ikkje galilearar, alle desse som talar? Korleis går det så til at vi alle høyrer dei tala på vårt eige morsmål?»

## Quiz:

Kva var det som landa på hovuda til læresveinane når dei fekk den heilage ande?

- A) Duer      K
- B) Ild        H
- C) Biblar    T

**Bibelvers: Apostelgjerningene 2,3**

**«Tunger, liksom av eld, synte seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei.»**

# Post 5



Hender det at foreldra dine førebur deg på kva som skal skje? For eksempel at no skal de snart reise heim igjen, og når de kjem heim er det leggetid med ein gong. Jesus brukte ofte å førebu læresveinane på kva som kom til å skje, men det var ikkje alltid dei forstod kva han

## Quiz:

I god tid før Jesus reiste til Himmelen igjen, sa han noko om kven som skulle få Den heilage ande etter han hadde reist frå jorda. Kven var det?

- A) Alle som trur på Jesus      J
- B) Alle israelittar              O
- C) Alle i heile verda            A

**Bibelvers: Johannes 14,26**

**Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk.**

# Post 6



Den heilage ande er ein del av Gud,  
og samtidig så er den her på jorda.

## Quiz:

Kvar bur Den heilage ande no?

- A) I døypefonten      L
- B) I kyrkja            A
- C) Inni oss            E

**Bibelvers: Johannes 14,17**

**Sanningsanden, som verda ikkje kan ta imot. For verda ser han ikkje og kjenner han ikkje. Men de kjenner han, for han bur hos dykk og skal vera i dykk.**

# Post 7



Vi seier av og til at når noko påverkar oss på ein god måte, så ber det frukter. For eksempel kan ein flink mattelærer bere frukter ved at elevane syns matte er gøy.

## Quiz:

Kva er nokon av fruktene Bibelen seier Den heilage ande gir i liva våre?

- A) Kjærleik, glede og fred      L
- B) Eple, appelsin og banan      T
- C) Krangling, hat og misunning      K

## Bibelvers: Galatarbrevet 5,22

Men Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin.



# Post 8



Er du glad i å få gåver? Med ulike personar får du kanskje forskjellige gåver. Med vennar får du kanskje leikar eller noko anna gøy, medan bestemor kanskje gir deg klede eller noko anna fornuftig. Visste du at Den heilage ande også kan gi oss gåver?

## Quiz:

Kva er nokon av gåvene Den heilage ande kan gi oss?

**A) Bamsar, dokker og kinderegg**

**U**

**B) Bibel, Luthers lille katekisme og andaktsbok**

**V**

**C) Evne til å forkynne, gjere mektige gjerningar og å hjelpe andre**

**P**

**Bibelvers: 1. Korintarbrev 12,8**

**For ved Anden blir det gjeve den eine å forkynna visdom, den andre å forkynna kunnskap ved den same Anden.**

# Post 9



Visste du at du enkelt kan slå opp i Bibelen på nettet?  
Gå til **bibel.no** og trykk på «Les i nettbibelen». Då får du oversikta over alle dei 66 bøkene i Bibelen. Trykk på den boka du vil inn på, vel kapittelet du ønsker (dei store tala oppe), og finn verset du er ute etter (dei små tala inni teksten).

## Quiz:

Slå opp i Paulus 2. brev til Timoteus, kapittel 1, vers 7. Kva ord manglar her? «Vi fekk Anden som gjev kraft, \_\_\_\_\_ og visdom.»

- A) kjærleik      A
- B) styrke        I
- C) rikdom        Æ

## Bibelvers: 2. Timoteusbrev 1,7

For Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, \_\_\_\_\_ og visdom.



# Post 10



Ingen veit heilt korleis Den heilage ande ser ut. Difor brukar vi eit anna symbol som bilde på den i staden. Eit av dei mest brukte bilda på Den heilage ande er faktisk ein fugl.

## Quiz:

Kva fugl symboliserer Den heilage ande?

- A) Spurv      T
- B) Ørn        S
- C) Due        R

## Bibelvers: Johannes 1,32

Og Johannes vitna og sa: «Eg såg Anden dala ned frå himmelen som ei due, og Anden vart verande over han.